

Forskrift om gebyr for handsaming av byggje-, delings-, seksjonerings-, matrikkel- og landbrukssaker, og saker etter **veglova** og hamne- og farvasslova, Fitjar kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Fitjar kommunestyre ~~xx. xxxxxxx~~ 2025 med heimel i lov 27. juni 2008 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 33-1, lov 16. juni 2017 nr. 65 om eierseksjoner (eierseksjonsloven) § 15, lov 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, forskrift 14. desember 2011 om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker §§ 1 og 2, ~~forskrift 9. november 2022 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta) §9-2~~. lov 21. juni 2019 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) § 33 og i lov av 21. juni 1963 om vegar (veglova) § 32 jf. forskrift om ledninger i offentlig veg § 18.

Kapittel 1. *GENERELLE FØRESEGNER*

Kapittel 1 - Generelt.

Kapittel 2 - Dispensasjonar.

Kapittel 3 - Byggje- og delesakar.

Kapittel 4 - Kart og oppmålingsarbeid etter matrikkellova.

Kapittel 5 - Seksjonering.

Kapittel 6 - Reguleringsplanar.

Kapittel 7 - Landbruks- og havbrukssaker.

Kapittel 8 - Hamne- og farvasslova.

Kapittel 9 – **Veglova**.

Kapittel 10 – Ikraftsetjing.

Gebyrregulativet er fastsett av Fitjar kommunestyre ~~xx.xx.~~2025 og er heimla i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32, hamne- og farvasslova § 33, og eigarseksjonslova § 15, ~~laksetildelingsforskrifta § 9-2~~, forskrift om gebyr for handsaming av konsesjons- og delingssaker §§ 1 og 2, og **veglova §32**.

§ 1.1 *Kva regulativ skal nyttast*

Gebyret skal reknast ut etter den forskrifta som gjeld den datoen kommunen tek imot fullstendig søknad eller rekvisisjon.

§ 1.2 *Betalingsplikt*

Den som får utført tenester etter denne forskrifta, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i her. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavaren, forslagsstillaren eller den som har bede om å få utført det aktuelle arbeidet. Dersom gebyret skal betalast av andre enn dei som er nemnt over, må dette stadfestast skriftleg av vedkomande som skal betala fakturaen.

Kommunen held seg til ein tiltakshavar/rekvirent/forlagsstillar, og vil senda ein faktura. Ved fleire tiltakshavarar, rekvirentar eller forlagsstillarar, vert desse rekna som solidarisk ansvarlege for gebyret.

Dersom tiltakshavar/rekvirent/forlagsstillar av ulike årsaker har betalt for mykje i gebyr, skal kommunen så snart tilhøvet er klarlagd, betala tilbake det beløpet som er betalt for mykje.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg ved for mykje betalt gebyr.

§ 1.3 *Betalingstidspunkt*

Gebyr skal betalast 20 dagar etter fakturadato.

Ved for sein betaling kan kommunen senda inkassovarsel med gebyr. Eventuell innkrevjing skjer i samsvar med inkassolova.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for gebyr, medfører ikkje utsett betalingsfrist.

§ 1.4 *Faktureringstidspunkt*

Plansaker

Grunngebyret: grunngebyret vert fakturert når vedtak om utlegging til offentleg høyring vert fatta.

Førehandskonferanse: gebyr for dette vert fakturert når møtet er gjennomført.

Oppstartsmøte og undervegs møte: gebyr for dette vert fakturert når møtet er gjennomført.

Planprogram: gebyr for dette vert fakturert når vedtak om å leggja forslaget ut til offentleg høyring vert fatta.

Konsekvensutgreiing: gebyr for dette vert fakturert når vedtak om å leggja forslaget ut til offentleg høyring vert fatta.

Byggjesaker

Bygge- og delesaksgebyr vert fakturert når endeleg vedtak er fatta i saka.

Oppmålingssaker

I dei sakene der delesøknaden også inneheld rekvisisjon til oppmåling, kan delesaksgebyret og oppmålingsgebyret verta fakturert samstundes.

Tinglysingsgebyr og dokumentavgift vert innkravd samstundes med gebyr etter matrikkelova, med unntak av arealoverføringar, der dokumentavgifta er ukjend. I desse sakene vert dokumentavgifta sendt ut i eigen faktura etter tinglysing.

Seksjoneringsaker

Seksjoneringsgebyr vert fakturert på forskott, jf. eigarseksjonslova § 15. Først når seksjoneringsgebyret er betalt, vert saka handsama. Tinglysingsgebyr vert innkravd samstundes med seksjoneringsgebyret.

Konsesjons- og jordlovssaker

Konsesjons- og jordlovsgebyr vert fakturert når vedtak er fatta.

Generelt for alle sakstypar

Saker som vert trekte, returnerte eller avviste: gebyr vert fakturert når saka vert avslutta utan realitetsvedtak dersom gebyr ikkje allereie er forskottsfakturert.

For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulera gebyret.

Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte delar av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

§ 1.5 *Fritak frå og endring av gebyr*

Dersom eit gebyr er openbert urimeleg på grunn av saka sin art, mengd arbeid og kostnadane kommunen har hatt, kan kommunedirektøren eller den som han gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetja eit høveleg gebyr. Det same gjeld der eit gebyr vert sett på som openbert urimeleg av andre grunnar enn dei som er nemnde over.

Kommunedirektøren eller den som han gjev fullmakt, kan også setja ned gebyret der dei same føresetnadane som i avsnittet over ligg føre, og kommunen har motteke grunngeven søknad om redusert gebyr frå den som har motteke krav om betaling.

§ 1.6 Søknader som vert trekte, returnerte, avviste eller fører til avslag

Det vert kravd gebyr tilsvarende 1 time for saker som vert returnerte som ikkje søknadspliktige, eller som av andre grunnar ikkje kan eller skal handsamast av kommunen.

Det vert kravd halvt gebyr for byggje-, dele- og dispensasjonssøknadar som vert trekte før vedtak er fatta.

Det vert kravd halvt grunngebyr for planforslag som vert trekt før saka er lagd ut til offentlig høyring. Det vert også kravd halvt grunngebyr når ei sak må verta avslutta som uaktuell som fylgje av manglande oppfølging frå forslagsstillar.

Det vert kravd fullt gebyr for saker som fører til avslag. Ved fornya eller retta søknad, der denne vert godkjend, vert det kravd 50% gebyr.

§ 1.10 Timepris *

Kontorarbeid pr time	850 kr
Feltarbeid i oppmålingssaker pr time	1 600 kr
Feltarbeid i andre enn oppmålingssaker pr time	1 150 kr

§ 1.11 Klage

Gebyrforskrifta er ei forskrift fastsett av kommunestyret og kan ikkje påklagast. Enkeltvedtak fatta i medhald av gebyrforskrifta kan påklagast. Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans.

KAP. 2 - DISPENSASJONSSØKNADAR

Gebyrreglane her gjeld søknad om dispensasjon frå både lov og plan. Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til sjølve byggje- eller delesaksgebyret. I saker der det vert søkt om dispensasjon for fleire tilhøve, skal det betalast gebyr for kvar dispensasjon som tiltaket krev.

§ 2.1 Søknad som krev uttale frå andre mynde og som skal handsamast politisk	29 150 kr
§ 2.2 Søknad som krev uttale frå andre mynde og som skal handsamast administrativt	15 600 kr
§ 2.3 Søknad som ikkje krev uttale frå andre mynde	7 300 kr
§ 2.4 Søknad om mellombels bruksendring frå fritidsbustad til bustad	3 650 kr

KAP. 3 - BYGGJE- OG DELESAKER

Eit byggesaksgebyr dekker eitt tiltak. Ved samla søknad om frådelling av fleire tomter, reknast kvar nye tomt/eigedom som eitt tiltak

Eitt rammeløyve, eitt igangsetjingsløyve, ein ferdigattest, matrikkelføring og eventuelt tilsyn er inkludert i gebyrsatsane for dei ulike tiltaka.

For førehandskonferanse som fører til byggesøknad innan 12 månader etter møtetidspunktet, vert 50% av gebyret refundert.

I dei sakene der det vert gjeve rammeløyve, er eitt igangsetjingsløyve dekt av gebyret. Ytterlegare igangsetjingsløyve utover det som er inkludert i gebyret vert fakturert for seg etter timepris.

Ved brot på byggesaksreglane i plan- og bygningslova, gjeld handhevingsreglane i lova sitt kapittel 32 med forskrifter.

Ved fleire tiltak i same søknad: tiltak som nemnd i pbl § 20-1 bokstavane a-l vert det fakturert 70% av gebyret for kvart av tiltaka. Tiltak som nemnd i pbl § 20-1 bokstav m vert fakturert som følgjer:

Tal saker	Fakturert % av full pris
1	100%
2-5	95%
6-10	90%
11-20	80%
Fleire enn 20 saker	70%

§ 3.1 Tiltak som krev ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3

3.2.1 Bustad og fritidsbustad, tilbygg/påbygg til bustad

	Tiltaksklasse	Eining	Sum
a) Einebustad og fritidsbustad, bygningstype 111, 113, 161-163	Tiltaksklasse 1		21 850 kr
	Tiltaksklasse 2+3		25 500 kr
b) Tomannsbustad og einebustad m/ sekundæreileilighet, bygningstype 112	Tiltaksklasse 1	Pr bygning	25 500 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr bygning	29 150 kr
c) Rekkehus/fleirmannsbustader inntil 10 bueiningar i same bygg bygningstype 131-159		Pr bueining	9 900 kr
d) Rekkehus, kjedehus bustadblokk for 11-20 bueiningar i same bygg, bygningstype 131-159		Pr bueining	8 350 kr
e) Rekkehus, kjedehus bustadblokk for 21-30 bueiningar i same bygg, bygningstype 131-159		Pr bueining	6 750 kr
f) Rekkehus, kjedehus, bustadblokk for 31 bueiningar og over i same bygg, bygningstype 131-159		Pr bueining	5 200 kr
g) Tilbygg/påbygg til bustad med ny bueining		Pr bueining	14 550 kr

3.2.2 Garasje, uthus, anneks, naust mm. til bustad og annan bustadbygning

a) Garasje, uthus, anneks naust mm. Bygningstype 181-183	Pr tiltak	7 300 kr
b) Bustadbrakker og anna bustadbygning, bygningstype 193-199	Pr tiltak	21 850 kr

3.2.3 Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad og fritidsbustad

a) Tilbygg, påbygg eller underbygg som ikkje gjev ny bueining, bygningstype 111-199	Tiltaksklasse 1	Pr tiltak	10 950 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr tiltak	14 550 kr
b) Tilbygg/påbygg/ombygging som gjev nye bueiningar, bygningstype 111-199	Tiltaksklasse 1	Pr bueining	15 600 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr bueining	18 750 kr

3.2.4 Anna enn bustad/næring

a) Fabrikk-/industribygg ol. Bygningstype 211-219	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	43 700 kr
	Tiltaksklasse 2	Pr brukseining	69 250 kr
	Tiltaksklasse 3	Pr brukseining	94 750 kr
b) Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. Bygningstype 221-229;323	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	43 700 kr
	Tiltaksklasse 2	Pr brukseining	69 250 kr
	Tiltaksklasse 3	Pr brukseining	94 750 kr
	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	43 700 kr
	Tiltaksklasse 2	Pr brukseining	69 250 kr

c) Lager-, fiskeri- og landbruksbygg, parkeringsbygg ol. Bygningstype 231-249;431-439	Tiltaksklasse 3	Pr brukseining	94 750 kr
d) Kontor- og forretningsbygg mm. Bygningstype 311-322;329-429;441-449;731-739;840	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	58 300 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr brukseining	80 150 kr
e) Bygg for overnatting mm. Bygningstype 531-539	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	58 300 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr brukseining	80 150 kr
f) Bygg for servering mm. Bygningstype 651-659	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	43 700 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr brukseining	69 250 kr
g) Undervisnings-, kultur-, museums-, kyrkjebygg ol. Bygningstype 611-649;671-679;661-669,830	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	58 300 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr brukseining	80 150 kr
h) Idrettsbygg ol. Bygningstype: 651-659	Tiltaksklasse 1	Pr brukseining	58 300 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr brukseining	80 150 kr
i) Tilbygg og påbygg for anna enn bustad; Bygningstype 211-840	Tiltaksklasse 1	Pr tiltak	25 500 kr
	Tiltaksklasse 2+3	Pr tiltak	40 100 kr

3.2.5 Konstruksjon og anlegg

a) Mindre private anlegg for inntil 2 eigedommar (reinseanlegg, slamskiljar, mindre brygger/kaiar, flytebrygger inntil 25 m ² og liknande)	Pr tiltak	5 450 kr
b) Private stikkleidningar (mindre VA anlegg)	Pr tiltak	3 650 kr
c) Større anlegg (kranar, større brygger/kaiar/molo, flytebrygger over 25 m ² og liknande)	Pr tiltak	18 200 kr
d) Større kaianlegg, større molo, større utfylling i sjø, småbåthamner	Pr tiltak	31 250 kr
e) Tiltak for ålmenta, td. idrett-,kultur- og friluftsliv, sjå og § 1.7	Pr tiltak	5 450 kr
f) Større VA-anlegg	Pr tiltak	31 250 kr
g) Idrettsbygg ol. Bygnings-/sportsanlegg utan bygning/tribune td. fotball-, skeisebane og liknande type: 651-659	Pr tiltak	14 550 kr
h) Innhegning mot veg (td. støyskjerm, gjerde, levegg, voller, mur)	Pr tiltak	5 450 kr
i) Mindre svømmebasseng, dam/brønn og liknande.	Pr tiltak	5 450 kr

3.2.6 Fasadeendring

Fasadeendring omfattar m.a. endring av vindaug, kledningsmateriale og taktekking, takoverbygg, karnapp, ark, parapet, takoppløft m.m.

a) Fasadeendring på bustadbygg, konstruksjon eller anlegg knytt til bustad, herunder fritidshus og naust	Pr tiltak	5 450 kr
b) Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg knytt til anna enn bustad	Pr tiltak	7 300 kr

3.2.7 Bruksendring eller vesentleg utviding utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak, jf. pbl. § 20-1, d

a) Bruksendring av bustad	Pr ny eining	14 550 kr
b) Bruksendring av tilleggsdel til hovuddel	Pr søknad	3 650 kr
c) Mellombels bruksendring frå fritidsbustad til fast bustad	Pr søknad	3 650 kr
d) Samanføyning av brukseiningar for bustad mm.	Pr søknad	3 650 kr

e) Oppdeling av brukseiningar for bustad mm	Pr eining	10 950 kr
---	-----------	-----------

3.2.8 Oppføring, endring eller reparasjon av byggtekniske installasjonar, jf. pbl. § 20-1, f

a) Skorstein, trappeheis, slukbyte og holtaking i brannskilje	Pr tiltak	3 650 kr
b) Endring i bærande konstruksjon	Pr tiltak	5 450 kr
c) Underbyggjing, utgraving	Pr søknad	5 450 kr
d) Ny innskoten etasje i eksisterande bygg (mesanin)	Pr tiltak	5 450 kr
e) Sanitærinstallasjonar, ventilasjons/sprinklar-/antenne-/energiforsyningsanlegg, heis og likn.	Pr tiltak	7 300 kr
f) Leskur, sykkelstativ/-hotell og andre bymøblar	Pr søknad	5 450 kr
g) Nedgravne avfallscontainerar og likn. tiltak under grunnen	Pr søknad	7 300 kr
h) Pullertar for fortøying av fartøy og andre sikringstiltak	Pr søknad	3 650 kr
i) Statuar, minnesmerke og andre kunstverk	Pr søknad	3 650 kr

3.2.9 Skilt mm. Jf. pbl. § 20-1 i

a) Skilt på fasade	Pr tiltak	1 800 kr
b) Andre skilt	Pr tiltak	3 650 kr

3.2.10 Søknad om riving, jf. pbl. § 20-1, e

a) Riving av bygg, konstruksjon, anlegg inntil 100 m ²	Pr søknad	7 300 kr
b) Riving av bygg, konstruksjon, anlegg over 100 m ²	Pr søknad	10 950 kr

3.2.11 Plassering av mellombelse bygningar, jf. pbl. § 20-1 j

a) Plassering av mellombelse bygningar som skal stå i inntil 2 år	Pr bygning	21 850 kr
b) Plassering av andre mellombelse konstruksjonar eller anlegg skal stå i inntil 2 år	Pr tiltak	10 950 kr
c) Plassering av tidsbestemte bygningar, konstruksjonar eller anlegg	Pr tiltak	21 850 kr

3.2.12 Vesentleg terrenginngrep jf. pbl. § 20-1 k

a) Vesentleg terrenginngrep	Tiltaksklasse 1	Pr søknad	18 200 kr
b) Vesentleg terrenginngrep	Tiltaksklasse 2+3	Pr søknad	36 450 kr
c) Deponering av massar		Pr søknad	10 950 kr

3.2.13 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass, jf. pbl. 20-1 k

a) Anlegg av privat avkøyrsløype/veg (Gjeld ikkje ved samstundes søknad om byggeløyve for bustad mm)	Pr tiltak	10 950 kr
b) Parkeringsplass inntil 10 plassar	Pr tiltak	7 300 kr
c) Parkeringsplass over 10 plassar	Pr tiltak	10 950 kr
d) Parkering på eller i bygning, parkeringshus/anlegg	Pr søknad	10 950 kr
e) Bru for gangveg	Pr tiltak	5 450 kr
f) Bru for køyretrafikk	Pr tiltak	12 750 kr
g) Landingsplass	Pr time	1 800 kr
h) Torg og møteplassar, leikeplass, aktivitetspark ol.	Pr tiltak	5 450 kr
i) Veganlegg, til dette høyrer også gangveg, 0-150 m	Pr tiltak	14 550 kr
For lengder over 150 m reknast eit tillegg på per påbyrja 50 m		3 650 kr

3.2.14 Diverse tiltak

For arbeid som ikkje kan bereknast etter ovannemnde satsar, her medrekna mellom anna innreing av loft/ kjellar i småhus, mobilstasjon, basseng, busskur, røemmingstrapper, m.m., skal det fakturerast etter medgått tid pluss fylgjande grunnsum:	Pr søknad	3 650 kr
---	-----------	----------

3.2.15 Førehandskonferanse, jf. pbl. § 21-1

a) Førehandskonferanse		7 300 kr
------------------------	--	----------

3.2.16 Andre vurderingar

a) Tiltak på eksisterande byggverk (Unntak frå gjeldande byggteknisk forskrift), pbl. § 31-2, fjerde ledd	Pr fråvik	3 650 kr
b) Godkjenning av sjølvbygggaransvar		1 550 kr
c) Gebyr for synfaring som vert kravd av søkjar	Pr synfaring	1 800 kr
d) Manglande eller feilaktig informasjon i søknad, første mangelbrev er inkludert i ordinært gebyr. Gebyr frå mangelbrev nr 2	Pr brev	1 800 kr

3.2.17 Tilleggsgebyr for SEFRAK-registrerte bygningar, verna område og kulturminne

a) Viss søknad omfattar SEFRAK- registrert bygning	Pr søknad	1 800 kr
b) Viss søknad gjeld tiltak i verna område	Pr søknad	1 800 kr
c) Viss søknad gjeld tiltak som rører ved kulturminne	Pr søknad	1 800 kr

3.2.18 Mellombels bruksløyve og ferdigattest

a) Mellombels bruksløyve	Pr søknad	5 200 kr
b) Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år sidan opphavleg byggjeløyve vart gjeve	Pr søknad	3 650 kr

§ 3.3 Gebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl. § 20-4

§ 3.3.1 Oppretting og endring ev eigedom:

a) Oppretting av grunneigedom med grenser som er i samsvar med reguleringsplan, utbygg. plan eller tomteplan	Pr søknad	7 300 kr
b) Tillegg per parsell frå og med nr. 2 i same søknad	Pr påfølgj.parsell	1 800 kr
c) Oppretting av grunneigedom i regulert område, men føremålsliner/eigedomsgrenser framgår ikkje av fastsett plan	Pr søknad	10 950 kr
d) Tillegg per parsell frå og med nummer to i same søknad	Pr påfølgj.parsell	3 650 kr
e) Oppretting av grunneigedom i uregulert område	Pr søknad	14 550 kr
f) Tillegg per parsell frå og med nummer to i søknad	Pr påfølgj. parsell	5 450 kr
g) Søknad om arealoverføring der tilleggsareal er under 250 m ²	Pr arealoverføring	5 450 kr
h) Søknad om arealoverføring der tilleggsareal er frå 250 m ²	Pr arealoverføring	7 300 kr
i) Vedtak om oppretting av anleggseigedom	Pr anleggseigedom	14 550 kr

§ 3.3.2 Tiltak utan krav til ansvarleg føretak

a) Tiltak på bygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Pr tiltak	10 950 kr
b) Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Pr tiltak	5 450 kr
c) Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Pr tiltak	3 450 kr
d) Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Pr tiltak	14 550 kr
e) Tilbygg, påbygg driftsbygningar i landbruket jf. SAK § 3-2	Pr tiltak	7 300 kr

f) Mellombelse bygningar mm. Jf. pbl § 20-4 c, td. salsbod, uteservering, telt ol.	Pr tiltak	7 300 kr
g) Andre mindre tiltak som etter kommunen sitt skjøn tiltakshavar kan stå for, jf. pbl. § 20-4, e	Pr tiltak	5 450 kr
h) Mellombelse bygningar, jf. pbl. § 20-4 c, td. brakkar for kontor, bustad, undervisning, kantine osv	Pr bygning	14 550 kr

KAP 4: KART- OG OPPMÅLINGSARBEID MATRIKKELLOVA

I saker der alle grensene er merka etter nyare landmålingsmetodar og koordinatfesta i matrikkelen, og der feltarbeid ikkje er naudsynt, skal gebyret reduserast med 35 %.

Dersom rekvirenten tingar fleire forretningar i same søknad, kan det gjevast rabatt etter fylgjande tabell. Vilåret for å få rabatt er at forretningane ligg i same felt (reguleringsplan), og at dei kan gjennomførast samstundes. Satsane for kvantumsrabatt gjeld berre for dei forretningane som krev feltarbeid.

Tal saker	Fakturert % av full pris
1	100%
2-5	95%
6-10	90%
11-20	80%
Fleire enn 20 saker	70%

Timepris * kr 800,- for kontorarbeid og kr 1 500,- for feltarbeid.

§ 4.1 Oppretting av grunneigedom, festegrund, uteareal til eigarseksjon og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

a) Areal 0-250 m ²	22 900 kr
b) Areal 251 – 1000 m ²	26 050 kr
c) Areal 1001 – 2000 m ²	30 200 kr
d) Areal frå 2001 m ² og oppover. Pris pr 1000m ² . Dette kjem i tillegg til pris etter C. auke pr. påbegynt daa	2 100 kr
e) Punktfeste pr. punkt	15 600 kr

§ 4.2 Oppretting av anleggseigedom

a) Volum 0-2000 m ³	26 050 kr
b) Volum 2001-10000 m ³ – auke pr. påbegynt 1000 m ³ .	31 250 kr
c) Volum frå 10 001 m ³ og oppover. Pris pr kubikkmeter. Dette kjem i tillegg til pris etter b	1 550 kr

§ 4.3 Registrering av jordsameige

a) Gebyr vert fakturert etter medgått tid.	Timepris *
--	------------

§ 4.4 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (MUF)

a) Pris som etter pkt 5.1 a-e	Sjå pkt. 5.1 a-e
b) Tilleggsgebyr pr matrikkeleining	7 300 kr

§ 4.5 Grensejustering av grunneigedom, festegrund, jordsameige

a) Areal 0-100 m ²	15 600 kr
b) Areal 101-500 m ²	18 750 kr

§ 4.6 Grensejustering av anleggseigedom

a) Volum 0-250 m ³	16 650 kr
-------------------------------	-----------

b) Volum 251-1000 m ³	20 800 kr
----------------------------------	-----------

§ 4.7 Arealoverføring grunneigedom, festegrunn, jordsameige

a) Areal 0-50 m ²	15 600 kr
b) Areal 51-250 m ²	22 900 kr
c) Areal 251-1 000 m ²	26 500 kr
d) Areal 1001-2000 m ²	30 200 kr
e) Areal frå 2001 m ² og oppover. Pris pr nye pågebynte 1000m ² . Dette kjem i tillegg til pris etter d).	2 100 kr

§ 4.8 Volumoverføring anleggseigedom

a) Volum 0-250 m ³	31 250 kr
b) Volum 251-1500 m ³	36 450 kr
c) Volumoverføring pr. nye påbegynte 1000 m ³ kjem i tillegg til pris etter b)	2 100 kr

§ 4.9 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koodinatbestemt ved oppmålingsforretning (kartforretning)

a) For inntil to punkt	8 350 kr
b) For overskytande grensepunkt, pr. punkt	2 100 kr

§ 4.10 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt

a) For inntil to punkt	12 500 kr
b) For overskytande grensepunkt, pr. punkt	2 100 kr

§ 4.11 Klarlegging av rettigheitar

a) Klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid, sjå §1.10*	Timepris*
---	-----------

§ 4.12 Privat grenseavtale

Matrikkelføring av privat grenseavtale vert fakturert etter medgått tid, sjå §1.10*	Timepris *
---	------------

§ 4.13 Ekstra kartforretning i eksisterande sak

Ved ekstra kartforretning i marka pga usemje mellom partane, eller når det er ynskje om endring, eller andre tilhøve som skuldast partane og som vert lagt fram etter at den første kartforretninga er halden.	7 300 kr
--	----------

§ 4.14 Matrikkelføring som eiga sak

a) Der oppmålingsforretninga er utført av annan instans, vert gebyr for føring av matrikkelen fakturert etter medgått tid (gjeld ikkje saker frå jordskifteretten), sjå §1.10*	Timepris *
--	------------

§ 4.15 Utskriving av matrikkelbrev fylgjer maksimalsats vedteken av Statens Kartverk.

Matrikkelbrev inntil 10 sider	175 kr
Matrikkelbrev meir enn 10 sider	350 kr

§ 4.16 Tinglysingsgebyr og gebyr for grunnboksutskrifter mm

For alt som skal tinglysast etter matrikkellova § 24 kjem tinglysingsgebyr i tillegg.

§ 4.17 Grensemerke (inkl. utgifter til boring o.l.) stk. pris 150,-

Dette er materiell som er momspliktig; mva kjem i tillegg.	150 kr
--	--------

KAP. 5: SEKSJONERING

§ 5.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

a) 1-5 seksjonar	12 500 kr
b) 6-10 seksjonar	15 600 kr
c) 11-20 seksjonar	20 800 kr
d) fleire enn 20 seksjonar	31 250 kr
e) Tillegg for synfaring	3 650 kr

§ 5.2 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Oppmålingsgebyr kjem i tillegg til gebyra nemnd over, dersom dette er naudsynt i den einskilde saka. Oppmålingsforretning skal haldast der seksjonane skal ha utandørs tilleggsdelar. Gebyrsatsane for oppmåling kjem fram under kap. 4 i forskrifta her.

KAP. 6: REGULERINGSPLANAR

Dette avsnittet gjeld for handsaming av framlegg til reguleringssaker, tomtedelingsplanar, plan for utbygging, framlegg til reguleringsplanar og endring av desse, pbl §§ 4-1, 4-2, 4-3, 12- 8, 12- 9, 12-10, 12-11, 12-12 og 12-14.

I tillegg til at planframlegg skal vere levert på digital form, skal det leverast nok eksemplar av plankart, planomtale (og evt. konsekvensutgreiing) til å dekkje trong til utsending og utlegging til alle handsamingar og offentlege ettersyn. Annonsar i aviser skal også dekkjast av tiltakshavar.

Fastsetjing av handsamingsgebyr skal reknast etter dato for melding av oppstart. Dersom det er meir enn 1 år mellom dei ulike trinna i reguleringsplanen, og dette skuldast tiltakshavar, vert gebyret fakturert etter gjeldande regulativ på dato for handsaming i utvalget.

Planframlegg som berre omfattar verneomsyn, friområde, offentlege eller allmennyttige føremål, o.l. kan etter søknad fritakast for gebyr heilt eller delvis.

§ 6.1 Oppstartsmøte, undervegsmøte mv.

Førehandskonferanse før oppstart av reguleringsplan	7 300 kr
Oppstartsmøte, pbl § 12-8 (1)	18 750 kr
Oppstartsmøte forenkla prosess (jf pbl § 12-14), pbl § 12-8 (1)	2 100 kr
Undervegsmøte	7 300 kr

§ 6.2 Forslag om reguleringsplan, pbl kap. 12

Punktet gjeld private forslag til reguleringsplan eller endring av gjeldande reguleringsplan etter pbl kap. 12, med unntak av pbl § 12-14 (2) om forenkla planprosess. Dersom saka gjeld ei endring i eksisterande reguleringsplan, og der endringa kan gjerast med forenkla planprosess etter pbl § 12-14 (2), gjeld pkt 8.3 istadenfor grunngebyret i pkt 8.2.

I grunngebyret inngår kommunen sine oppgåver i samband med mottak og kontroll av planforlag og kart, eventuell synfaring, høyring og offentlig ettersyn, dessutan merknadshandsaming.

I arealberekninga inngår ikkje areal avsett til grøntstruktur, LNF-føremål og bruk og vern av sjø og vassdrag der det ikkje skal gjennomførast søknadspliktige tiltak. Sjå pbl § 12-5 pkt 3, 5 og 6.

For planendringar er vert arealberekninga gjort ut frå storleiken på arealet som vert endra.

0 til 5 daa	78 100 kr
5 til 20 daa	156 150 kr
20 til 50 daa	260 250 kr
Over 50 daa	312 300 kr

§ 6.3 Forslag om reguleringsplan, forenkla prosess, pbl § 12-14 (2)

Handsaming av sak etter forenkla prosess	26 550 kr
--	-----------

§ 6.4 Forslag til planprogram, pbl §§ 12-9, 14-2

Handsaming av planprogram eller utgreiingsprogram	12 500 kr *
---	-------------

*Prisen omfattar to dagsverk. Arbeid ut over dette vert fakturert etter medgått tid. Timepris.

§ 6.5 Konsekvensutgreiing, pbl § 4-2 (2) med forskrift, pbl kap 14

Handsaming av naudsynt konsekvensutgreiing, anten med heimel i pbl § 4-2 (2), eller særskilt der kommunen er ansvarleg mynde for tiltak som nemnd i vedlegg I og II i forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR-2017-06-21-854)	12 500 kr *
---	-------------

*Prisen omfattar to dagsverk. Arbeid ut over dette vert fakturert etter medgått tid. Timepris.

§ 6.6 Omfattande endringar av planforslag etter høyring

Dersom privat forslagsstillar gjennomfører omfattande endringar i planforslaget etter høyring, slik at saka må høyrast og handsamast på nytt av kommunen, påløper det gebyr som fylgjer:	50% av opphavleg gebyr etter § 8.2 eller § 8.3
--	--

KAP. 7: LANDBRUKS- OG HAVBRUKSSAKER

§ 7.1 Konesjonssaker.

Handsaming av konesjonssøknad, gardsbruk/større eigedomar	5 000 kr
Handsaming av konesjonssøknad, enkle tomter (naust m.v.)	2 600 kr

§ 7.2 Jordlovsaker.

Handsaming av delingssøknader etter § 12 i jordlova	2 000 kr
---	----------

~~§ 7.3 Havbrukssaker.~~

Uttale til konesjonssaker etter akvakulturlova, grunngebyr	3 500 kr
I tillegg vert det fakturert etter medgått tid	1 750 kr

KAP. 8: HAMNE- OG FARVASSLOVA

§ 8.1

a) Søknadar i tiltaksklasse 1 - mindre, mellombelse flytebyggjer, utlegging av fortøyingbøyer mm	2 100 kr
b) Søknadar i tiltaksklasse 2 - brygger og kaianlegg, permanente flytebyggjer, opplag av mindre fartøy, mm	3 650 kr
c) Søknadar i tiltaksklasse 3 - større flytebyggjeanlegg, moloar, kablar og røyr i sjø, opplag av større fartøy, vesentlege terrenginngrep mm	7 800 kr

KAP. 9: VEGLOVA

§ 9.1 Saker etter veglova § 32 jf. forskrift om ledningar i off. veg § 18

a) Leidningar over, under, langs eller nærare enn 3 meter til offentleg veg	2 000 kr
---	----------

KAP. 10 IKRAFTSETJING

§ 10.1

Denne forskrifta trer i kraft straks.